

Jæren Turlag
Stavanger Turistforening



Årsmelding 2021



Anne Reidun Garpestad
Leiar Jæren Turlag
10.02.2022

Årsmelding 2021

Som for alle andre, har også 2021 for Jæren Turlag vore prega av covid-19. Det har vore påmelding til turane og det har vore begrensa kor mange som har kunna delta. Spesielt Barnas Turlag har hatt store utfordringar med gjennomføring av turopplegget på grunn av smitteverntiltak.

Til tross for dette, så har det vore mange flotte turar også i 2021.

Jæren Turlag består av medlemmar i Stavanger Turistforening frå kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time. Melder du deg inn i Stavanger Turistforening, og bur i ein av desse fire kommunane, vert du automatisk medlem i Jæren Turlag. Jæren Turlag har 3544 medlemmar.

Styret i 2021

Styret i 2021 har bestått av følgjande:

Leiar: Anne Reidun Garpestad

Styremedlemmar: Anne Grete Madland Tjemsland, Arnfinn Særheim, Nadine Friese, Einar Jordbrekk, Marte Dale og Gisle Meling. Varamedlemmar: Randi Otterlei Malmin og Svanhild Arnegård. Gisle Meling trakk seg frå styret, og då valde styret Randi Otterlei Malmin til nytt styremedlem.

Valkomiteen har bestått av Margreta Hauge Clementsen og Ronny Rustøen.

Styret har hatt 9 styremøte, nokre av dei har vore digitale, andre fysiske møte. I tillegg til styremøta, har styret hatt ei strategisamling, som vart lagt til Nodhagen.

Det har vore fleire digitale møte med Stavanger Turistforening. Desse møta har mest av alt hatt fokus på smittevern og korleis turlaga skulle forhalda seg til turar og arrangement og kva som har vore mogleg å få til, til tross for pandemien.

Styret har gitt to høringsuttalar. Den eine gjaldt høring i samband med prosjektet om plassering av mute-skulptur på to ulike plassar i Time kommune. Den andre gjaldt innspel til Time kiommune sitt forslag til frivilligstrategi.

I tillegg har styret blitt invitert til møte for å gi innspel til Klepp kommune sin landbruksplan. Samt invitasjon til møte i Gjesdal kommune vedr innspel til aktivitetar og synleggjering av frivillig arbeid i 2022, frivillighetens år. Jæren Turlag deltok saman med andre frivillige lag og organisasjonar, på møte med Time kommune om ny samfunnsdel til kommuneplanen.

Turar

Jæren Turlag har fire ulike turgrupper/turalternativ:

- Nærturar
- Høgt og Lågt
- Barnas Turlag Jæren
- Fjellturar

Nærturar.

Fram til 2020 hadde turlaget arrangert nærturar 1 gong per månad, med varierande deltaking , og det var helst få som møtte fram. Det var behov for å gjera nokre tiltak dersom desse turane fortsatt

skulle vera ein del av turprogrammet. Turlaget gjekk inn for å auka talet på nærturar til kvar 14. dag. I 2020 vart det gjennomført 19 turar med totalt 479 deltagarar, ei stor auke frå året før. I 2021 har det vore gjennomført 23 turar med totalt 510 deltagarar. Det er alltid to turleiarar med på turane. Det har også i 2021 vore laga ein eigen turfolder for at det skal vera lett å ha oversikt over turane.



Nærtur «Orstadrunden»



Nærtur «Grasdalen» Lyefjell

Barnas Turlag Jæren.

I 2021 har det vore krevande å arrangera turoppligg for barn og familiar på grunn av smittevernomsyn. På Kom-deg-ut-dagen i februar vart det ikkje gjennomført noko arrangement. I september vart det gjennomført arrangement med ca 100 deltagarar. Det var tur med ulike postar rundt Melsvatnet. Det var moglegheit for kanopadling for dei som ville. Trekning av premiar blant dei som hadde levert inn svar på postane og alle barn fekk kvar sitt grillspyd. Barnas Turlag gjennomførte også «Natt-i-naturen» ved Melsvatnet med ca 20 deltagarar. I 2021 hadde Barnas Turlag sin første overnattingstur. Den gjekk til Grautheller turisthytte i Sirdal. Det var ein suksess som skal gjentas i 2022. I tillegg til desse turopplenga, har det vore gjennomført 3 turar. Tilsaman har det vore med 57 deltagarar. Sju turar har blitt avlyst.




Høgt og lågt

Det er gjennomført 9 turar med tilsaman 191 deltagarar. Det har vore turar både i Hå, Gjesdal, Time, Sandnes, Sokndal og Bjerkreim kommunar.



Fjellturar.

Det er gjennomført 7 turar med til saman 89 deltagarar. Ein tur er blitt avlyst. Turane har vore i Time, Gjesdal og Forsand. Her er biletet frå turen til Joneknuten og Brusaknuten.



Tilsaman 976 har delteke på tilsaman 45 turar. Turlaget har trykt opp sitt eige turprogram også i 2021, som vart spreidd i alle fire kommunar

Førjulsfest

I 2021 var det igjen mogleg å arrangera førjulsfesten. Det var om lag 60 personar som kosa seg med song, underhaldning, drøs, god mat og utlodning.

Dugnad

I samarbeid med Hå kommune, Stavanger Turistforening og grunneigar planlegg Jæren Turlag å få sett i stand ei sjøbu på Reime i Hå kommune. Dette prosjektet passer inn i Stavanger Turistforening si satsing på nærfriluftsliv og turar langs kysten. Sjøbua ligg langs Kongevegen og kan passe fint som ein plass å eta nista si under tak.

Dagsturhyttene i Rogaland

Alle fire jærkommunane skal ha si dagsturhytte. Hå, Klepp og Gjesdal vil ha sine på plass i starten av 2022. Time si er planlagt å koma på plass hausten 2022. Jæren Turlag har i 2021 fått spørsmål frå både Klepp og Time kommune om å ha tilsyn og enkelt vedlikehald på dagsturhyttene. Det har turlaget sagt ja til. Målet er å etablera eit fadderlag for kvar av hyttene. Klepp si hytte vil vera klar til bruk i mars 2022, og turlaget vil vera klar til dugnad med tilsyn frå dette tidspunktet. Rett før årsmøtet kom det også forespørsel frå Hå kommune om tilsyn for deira dagsturhytte.

Kurs

Jæren Turlag har gjennomført eit Ambasadørkurs, som vart gjennomført digitalt på grunn av få påmeldte (3).

Bryne, 10. februar 2022

Anne Reidun Garpestad – leiar Jæren Turlag